



Referat SYRIL Årsmøte 14.03.2016 kl. 19.00 i Saften

Frammøtte: Per Hauge, Karl Erik Johnsen, Hilde Ruud, Eva Fosshagen, Eivind Brendehaug, Arild Bjørk, Tore Stølen, Ingunn Nyhammer og Nils Magne Slinde

Sak 1. Opning.

Leiar i laget, Per Hauge, ynskter dei frammøtte velkomne til årsmøte i Syril for 2016.

Sak 2. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Sak 3. Val av ordstyrar og referent

Ordstyrar: Per Hauge

Referent: Nils Magne Slinde

Sak 4. Val av to medlemar til å skrive under protokoll

Tore Stølen og Hilde Ruud skriv under årsmøteprotokollen.

Sak 5. Godkjenning av årsmelding og rekneskap.

Leiar Per Hauge gjekk gjennom årsmelding for hovudstyret. Følgjande grupper hadde levert årsmelding og desse vart lest opp: Handball, fotball (nestleiar leste opp oppsummering i årsmeldinga), trimgruppa, friidrett, ski og barneidrett. Symjing hadde levert årsmelding, men blei ikkje lest opp sidan ingen møtte frå gruppa på årsmøte. Klatregruppa, innebandy, telemark og volleyball hadde ikkje levert årsmelding. Årsmeldinga vart godkjend.

Merknad til skigruppa: Reforhandla avtale med skisporet.no er på plass (reduuerte utgifter). Det var også deltakarar med i Fredagsbirken.

Rekneskapen vart godkjend slik det låg føre. Det har vore eit godt økonomisk år for Syril med eit overskot på kr. 407 055. Rekneskapet er revidert av laget sine valde revisorar Endre Høgalmen og Tony Borlaug med merknad slik det går fram av nest siste sida i årsmeldinga.

Sak 6. Medlemskontingent 2017

Kontingenten vert fastsett for 2017 no slik at det ikkje skal vere til hinder for utsendinga av medlemskort tidleg på året 2017 (før årsmøte vert halde). Kontingenten vart fastsett til det same som for 2011 – 2016, kr 500 for familie, kr 350 for enkeltmedlem og kr 250 for born under 17 år.

Sak 7. Framlegg til budsjett

Per gjekk gjennom arbeidsutvalet sitt framlegg til budsjett. Budsjettet vart vedteke som framlagt med eit krav til overskot kr 76 000 som inkluderer kr. 300 000 til oppdatering av anlegg / utstyr. Årsmøte oppmodar styret å vurdere straumutgiftene til Skihytta.

Sak 8. Ny lov for idrettslag

Vi gjekk gjennom forslag til lovtekst som er utsendt. Lovforslaget vart vedteke med nokre mindre endringar som er innarbeidde.

Sak 9. Val:

Valnemnda sitt framlegg var sendt over til ordstyrar frå valnemnda ved Arvid Mellingen. Valet vart gjennomført ved akklamasjon. Resultatet av valet vart slik:

Arbeidsutvalet

Leiar	Per Hauge	Attval
Nestleiar	Karl Erik Johnsen	Attval
Kasserar	Arild Bjørk	Attval
Sekretær/styremedl.	Nils Magne Slinde	Attval

Friidrettsgruppa

Leiar	Ingunn Nyhammer	Attval
Nestleiar	Rune Henjesand	Attval

Handballgruppa

Leiar	Eva Fosshagen	Attval
Nestleiar	Steinar Fredheim	Attval

Skigruppa

Leiar	Eivind Brendehaug	Attval
Nestleiar	Torunn Grut	Attval

Trim- og merkegruppa

Leiar	Aril Bjørk	Attval
Nestleiar	Torill Felde	Attval

Barnegruppa

Leiar	Hilde Ruud	Attval
Nestleiar	Runa Aaland Eggum	Ny

Leikanger Idrettsråd

Leiar	Per Hauge	Attval
Nestleiar	Karl Erik Johnsen	Attval

Symjegruppa

Leiar	Christian Kleiven	Attval
Nestleiar	Jorunn Kristin Nes	Attval

Volleyballgruppa

Leiar	Åse Njøs	Attval
Nestleiar	Manglar	

* Volleyballgruppa har vald å fordele nestleiaroppgåvene på dei andre i gruppa.

Innebandy

Leiar	Jon Amundsen	Attval
Nestleiar	Dag Digernes	Attval

Fotballgruppa

Leiar	Kjartan Hove	Attval
Nestleiar	Birte Andersen	Attval

Klatregruppa

Sidan det ikkje er aktivitet i gruppa, vart det ikkje vald leiar og nestleiar.

Revisor

Liv Janne Steig		Ny
Tony Borlaug		Attval

Hyttestyre Skihytta

Leiar	Karina Nerland	Attval
Nestleiar	Marit Silje Husabø	Attval

Styringsgruppa Kjeringi Open

Medlem	Roar Vangsnes	Attval
Medlem	Karl Erik Johnsen	Attval

Valnemnd

Styret må utnemne ny valnemnd

Årsmøtet gjorde eit einstemmig val ved akklamasjon slik det går fram ovanfor.

Sak 10. Inkomne saker/diverse

Symjegruppa har foreslått å leggje ned symjedelen. Fjordklubben bør halde fram. Styret vurderer innhaldet i gruppa og nytt namn.

Leikangerhallen treng vedlikehald og årsmøtet oppmodar om at det vert gjort naudsynt vedlikehald både inne og utanfor Leikangerhallen.

Driftsbygg på kunstgrasbana. Det er tilgjengeleg 300 000. Det var ønskje om å bruke 100 000 ekstra for å komplettere bygget. Dette vart vedteke.

Det er på gang eit nytt system for medlemsregister. Eva og Nils Magne følg opp dette vidare på vegne av styret.

Tore Stølen

Hilde Ruud